Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 | Fylke: Sogn og Fjord.

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Kyrkjebø

Emne: Bast og brom | Bygdelag: Høyanger

Oppskr. av: S. Dale | Gard: Dale

(adresse): Høyanger | G.nr. 62 Br.nr. 1-5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Ja det var nytta leida til fordryggelse
og til naudfor i vårknipa
Bjørkeris hvitte leite, selje som
stod med vårkumra, kalla me brom.
2. Um sumaren tok me bork og renna
av bjørki. Hadde ho fint lauv, vart
ho gjerne felt og kvistane kjerva saman
til lauvfor. Når ein hadde lauva
det ein ville, let ein dei andre bjør-
kene stå til sist i okt. til kvistane
hadde kvumra seg. Dei vart trei felte
og kvistane hoggen saman med snel
til riskippar og køyrde til tuns med
sleden. Riskippane var slengde upp på
eit tak, sauefjøstaket, so ikkje krøtera
fekk tak i det og so gjerne som fordryggja
attåt høy til ungfenaden og sinkone [?]
kyr.
2 Karane som drev med dette,
sa me rasleidde [?] med risbjørki
eller var på risskogen.
3. Vart ein nøydd til å gå på risskogen um vinteren eller tidleg um våren,

1532

so me gjerne at Karanne var i butte-skog, eller henta kjerr til kvitleri.

4. Til rising og lauving bruka eine sovel og åtes

5 Bjørneriset vart gjort som det var upp i bøssam til sengjemål og kløyv attåt ljå og skare

6. Riskippene vart helst liggjande på taket so lenge det var att noko. Det laut liggja slik at ikkje kråkone ikkje fekk tak i det

7. Eg høyrde dei gamle fortelja at det var skikk då dei voks upp at Karanne skulde henta langfredagsris på fastande hjarta. Um langfredag sum det var stor eller lite bygd dei skulde ha med heim, veit eg ikkje. Skikken var avlagd då eg voks upp i 80-90 åri. Men eg skjønar det so at det var ein gudleg skikk. Dei skulde smaka noko av lidingi åt Jesus den dagen. Korleis riset skulde takast hev eg ikkje høyrt noko um.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING